

1. KLASSE. GRUNNSTUDIER

Emnenamn: Første studieår BAS

Emnekode: År 1

Studienivå: Syklus 2

Studiepoeng: 60 studiepoeng/ECTS

Undervisningssemester: haust og vår

Emneinnhald: Erfaringsbasert undervisning i felt og på sal, innføring i materialbruk, bygningsprinsipp og formlære.

Undervisningsspråk: Norsk (einskilde moduler undervises på engelsk)

Forkunnskapskrav: Det er ingen krav til forkunnskaper utover opptakskrav til studiet.

Om året generelt:

1. året handlar om EG. Studenten skal i løpet av 1. klasse finne sin eigen stemme som arkitekt og øve ansvar for seg sjølv som deltakande arkitekt.

Landskapsreferanse: Kysten ved Nordsjøen.

Haustesemesteret består av grunnlagskurs i praktisk, metodisk innføring i bygningshistorie, situasjonsanalyse, bygg-, konstruksjons- og materialanalyse, med praktiske øvingar knytt til aktuelle stader og bygg. Hausten har feltturar med kartlegging av historisk busetnad og hustypar, og registrering av ulike fysiografiske tilhøve. Oppfølging med enkle prosjekteringsoppgåver, oppmåling, vøling og vern. Studie av mennesket sine mål og korleis ein utfører elementære gjeremål i ulike kulturar.

Vårsemesteret er meir praktisk skapande prosjekterings- og formingsarbeid. Oppgåvene er enkle, ikkje samansette. Det gjeld utforming av bruksrom ute og inne for få menneske, men også ein første innføring i å forme byrom for allmennheita. Det blir lagt vekt på haldning og konsepttenking og det gjeld klårgjering og oppøving av personleg uttrykk i modell og teikning.

Kursa i 1. klasse er satt saman av hovudområda APP- arkitektur, prosjektering og planlegging, DAV- frie kunstfag og uttrykk og KTF-komplementerende teoretiske fag. Kursa byggjar naturleg på kvarandre og vert meir komplekse etter kvart. Studentane skal bruke den kunnskap, dei ferdigheiter og kompetansar dei lærer i eit kurs vidare i dei neste kursa. Alle kurs er obligatoriske

APP skal gje ein almen introduksjon i arbeidet som arkitekt, med referansen subjekt. Arbeidsoppgåvene i DAV går frå karakteravlesing og attgjeving, henta frå landskap,

nærsituasjonar, årstidene, dagslyset, ulike tvilys, musikken, diktet og andre heilskaplege situasjonar- til førestillingar om det uangriplege eller ugjorde. Gjennom heile året vil studentane få innføring i bygningshistorie, landskap, klima, økologi, og ex.phil som del av KTF faga. Undervisninga i dei fire fyrste faga er tett knytt til APP-kursa og vert undervist i stor del på felt.

Oppgåvene vert i 1. klasse gitt munnleg. For fyrste året er prosjekteringsoppgåvene delt i følgjande kurseiningar.

Solund: Feltkurs

Arne: Prosjekteringskurs med landskaps- og busetnadsfokus

Tun: Felt- og prosjekteringskurs med landskaps- og busetnadsfokus

Badet: Prosjekteringskurs med funksjons- og materialfokus

Rom for venner: Prosjekteringskurs

Rom for ukjende: Prosjekteringskurs i urban skala

Lemstova: Prosjekteringskurs med fokus på konstruksjonsprinsipp

Året dannar grunnlag for dei vidare studiane.

Læringsutbytte:

Studentane skal gjennom første år på studiet ved BAS:

- verta kjent med busetjing og bygging på ein endefram måte med hjelp av den fyrste busetjinga, som var på kysten.
- læra å kjenna dei vilkåra landskap og klima set
- analysa og klårgjera vilkåra for å plassera bustad i høve til næring, grunnen, vinden og kontroll med havet, hamn og ferdsle
- læra å kjenna mål og storleik, og behov for rom til eitt og fleire menneske i posisjonane liggja, sitje, stå og gå
- læra om ulike grunnleggjande gjeremål i huset i ulike kulturar og i ulike hushald
- studera samansett busetnad, tun, der innbuarane er avhengig av kvarandre
- sjå på utforming av private og offentlege bruksrom (fellesrom) i tunet
- øva seg i å forma i høve til elementære problemstillingar
- presentera og visa sine arbeid offentleg.
- få tak i emnebreidda i arkitekturen
- skapa rom for mennesket i ulike situasjonar og med ulike gjeremål
- øva seg som arkitekt der det gjeld å skapa situasjonar for seg sjølv, situasjonar for sine vener, og rom for å møte framande
- arbeida med eksisterande hus som har lang brukstradisjon
- få brukseigenskapar for vår tid og oss sjølve
- få fram og opna for dei sanseevnene kvar person har
- øve og klårgjere personleg uttrykk.
- dei teoretiske faga skal gje eit breitt teorigrunnlag, ei vitskapleg innføring i fagområdet som gjeld det fysiske miljøet, det sosiale miljøet, i kultur- og arkitekturhistoria og i filosofi. Studia skal gje eit forståingsgrunnlag og ei innføring i metodisk tolkning, i tillegg til skrivetrening

Arbeidsmåter og praktisk organisering

Som studiemåte legg BAS stor vekt på arbeid ute i felten på skissering og bygging i full målestokk, og på ein brei og personleg kontakt med samfunn og personar med praktisk erfaring og særskild kunnskap, aktuelle for arkitekten sitt fag og innsyn. Førelesingar, teoriseminar, feltstudiar, litteraturstudiar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.

Praktiske øvingar, formingsøvingar og framstillingsoppgåver.

Studentane har eigen prosjektsal med individuelle arbeidsstasjonar og nyttar jamvel skolens verkstader.

Obligatoriske krav

Alle kurs er obligatoriske.

Introduksjonar, førelesningar, gjennomgangar og rettleiingar er obligatorisk. Ut over dette skal studentane jobbe på salen minimum 50%. Studentane er sjølv ansvarleg for eige oppmøte. Fråvær skal meldast hjelpelærar.

Innleveringar: kvart kurs vert avslutta med ein intern gjennomgang kor studentane presenterer det materiale ein har produsert i løpet av kurset, det vere seg modell/ar, teikning/ar eller anna. Spesifikke krav til for eksempel omfang, skala, teikning/modeller vil stå i det einskilde kursprogram.

Alle kurs skal evaluerast av studentar og lærarar som ein del av skolens kvalitetssikrings- og kvalitetsutviklingssystem.

KTF: ex. phil skal vere bestått før oppstart i 2. klasse. Student kan søkje fritak viss han/ho har tilsvarande eksamen frå ein annan utdanningsinstitusjon.

Vurdering/karakterskala

KURSVURDERING: På kvart kurs får studentane ei rettleiande, intern vurdering som gjeld det einskilde kurset. Tilbakemelding gis munnleg på siste gjennomgang.

Studentane får ei skriftleg tilbakemelding for dei lengre kursa. Kriteria for vurdering og godkjend kurs dekkjer både kunnskap og tileigna fagleg erfaring, metodisk arbeid, refleksjon og haldning til faget. Grunnlaget er deltaking, innleverte individuelle og felles arbeidsoppgåver, og presentasjon av desse.

EKSAMEN: Den totale og formelle evalueringa skjer på eksamen. Til eksamen bruke BAS karakteren bestått/ikkje bestått. Skulen kan krevje supplering før endeleg vurdering vert gitt.

Vurderinga skal avgjere om studenten har det faglege minimum for å starte i 2. klasse. Grunnlag for vurderinga er prosess gjennom heile året (sjå «retningslinje for studiet» for meir informasjon).

Ved ikkje tilfredsstillande progresjon/innsats/nivå/deltaking må studenten supplere, eventuelt ta kurs eller deler/heile semester på nytt.

Året må vere bestått før oppstart i 2. klasse

